

ÅRSPLAN
2023-2024

Trollsletta Barnehage

TRYGGLEIK GJENNOM LEIK OG UTELIV



VELKOMEN TIL EIT NYTT BARNEHAGEÅR I TROLLSLETTA BARNEHAGE

Eit nytt barnehageår er i gong, vi står framføre nye moglegheiter og nye utfordringar vi gler oss til å ta fatt på. Vi ser fram til å møte nye barn og foreldre og håpar at de alle vil finne seg til rette og trivast her saman med oss.

«Trollsletta barnehage- tryggleik gjennom leik og uteliv.»

Vi har eit ynskje om å vere ein barnehage med mykje uteaktivitet, glede og humor.

Åpningstid:
07.30-16.30

Trollsletta barnehage vart etablert i 1986 og er ein foreldreeigd barnehage. Vi er ein barnehage med ei avdeling, men er delt store og små i pedagogiske tider om dagane. Barnehagen ligg sentralt til i Volda med kort veg til både fjord og fjell.



KONTAKTINFORMASJON

Adresse: Kårstadvegen 16, 6103 Volda
Telefon: 469 51 864
E-postadresse: styrer@trollsletta.no

I 2023/2024 er vi 21 born og 6 voksne i Trollsletta barnehage.
Vi deler borna inn i desse gruppene:



MUSEGRUPPA

1-2 år



EKORNGRUPPA

3 år



REVEGRUPPA

4 år



MULLEGGRUPPA

5 år



PLANLEGGINGSDAGAR I 2023 OG 2024

7. august 2023
18. august 2023
4. oktober 2023

1. mars 2024
10. mai 2024

Desse dagane er
barnehagen stengt!



DAGSRYTMA VÅR



Ei fast dagsrytme gjer at dagen blir oversiktleg og forutsigbar. Dette skapar tryggleik for barnet.

Vi ynskjer å dele borna mest mogleg inn i mindre grupper. Dette for å leggje til rette for eit innhald ut ifrå barnas behov og tilpasse aktiviteten etter barnas alder og modning.

- | | |
|-------------|---------------------------------|
| 07.30 | Barnehagen opnar - frileik |
| 08.00-08.45 | Frukost for dei som har med det |
| 09.30 | Aktivitetar, gruppedeling |
| 11.00 | Lunsj |
| 12.00 | Sovetid/ utelek |
| 14.00 | Fruktmåltid |
| 15.00 | Frileik/ rydding |
| 16.30 | Barnehagen stengjer |



Vi ynskjer at alle barn kjem til barnehagen innan 09.30 grunna gruppedelinga.

Hugs å melde frå om barnet ikkje kjem i barnehagen.

BARNEHAGENS FORMÅL OG INNHOLD

FORMÅL

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn, og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likeverd, og motarbeide alle former for diskriminering. (Barnehagelova §1)

RAMMEPLANEN FOR BARNEHAGER - INNHOLD OG OPPGÅVER

I Rammeplanen for barnehagen - innhold og oppgåver, <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/>, finn vi sju fagområdet barnehagen skal jobbe med.

I Trollsletta har vi eit utvida fokus på natur og friluftsliv, som sammen med resten av fagområda skal fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen.

Dei sju fagområda er

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kunst, kultur og kreativitet
- Mengd, rom og form
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Natur, miljø og teknologi
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn



BARNEHAGEN SITT VERDIGRUNNLAG

Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. (...)

Barnehagen skal fremje demokrati, mangfold og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse. (Rammeplan for barnehagen s.7) Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likeverd, og motarbeide alle former for diskriminering. (Barnehagelova §1)

NATUR OG FRIFLUFTSLIV - I VÆR OG VIND

Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling. (...) Barnehagen skal legge til rette for at barna kan få eit mangfold av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring. (Rammeplan for barnehagen s.55)

Trollsletta barnehage er ein barnehage med ekstra fokus på friluftsliv. Grunnideen i "i vær og vind"- pedagogikken er at born sin trøng om kunnskap, rørsle og fellesskap skal stillast gjennom aktivt bruk og positive opplevingar ute i naturen. Vi ynskjer at barna skal oppleve ein prosjeksjon på friluftsliv i Trollsletta barnehage.



GRØNE TANKAR, GLADE BARN - PSYKOLOGISK FØRSTEJELP


Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. (...) Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler. (Rammeplan for barnehager s.11)

Grøne tankar - glade barn er utvikla i samarbeid med fleire barnehagar og er ein del av Psykologisk førstehjelp, eit norskutvikla sjølvhjelpsmateriell retta mot barn og unge. Måten barn lærer å forhalde seg til kjenslelivet på, dannar grunnlaget for korleis ein som voksen forheld seg til kjenser. Barnehagebarn lærer av det som skjer i barnehagen, både det som er planlagt og det som skjer underveis. Grøne tankar - glade barn kan brukast både som metode for planlagt tematisering av tankar og kjenser i samlingstund med alle barn, og som ein måte for refleksjon, forståing og bearbeiding med utgangspunkt i kvardagshendingar. Materialet kan også brukast for å hjelpe barn som treng å bli mindre hemma av sinne og/eller engstelse.



TRYGGLEIKSSIRKELEN - COS

Personalet er kursa i Circle of Security, eller Tryggleikssirkelen. Dette er eit verktøy som byggjer på tilknytingsteori og forsking, der det er fokus på å byggje trygge, gode og sterke relasjonar mellom barn og vaksne i barnehagen. Tryggleikssirkelen er eit "vegkart" for kva behov barnet har, kva signala tyder og kva vi kan gjere for å møte barna betre i deira behov. Volda kommune tilbyr også foreldreksurs i COS.



KOSTHALD I TROLLSLETTA

Gjennom medverknad i mat og måltidsaktivitetar skal barna motiverast til å ete sunn mat og få ei grunnleggjande forståing for korleis sunn mat kan bidra til god helse
(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 49.)



Omtrent halvparten av det barn et i løpet av dagen et dei medan dei er i barnehagen, og i løpet av tida eit barn går i barnehagen et dei omkring 3000 måltid. Det er difor viktig at vi i barnehagen har eit variert og næringsrikt tilbod.

Trollsletta barnehage fyl helsedirektoratet sine tilrådingar for mat og måltid i barnehagen. Vi tilbyr varmlunsj og havregraut minst ein gong i veka. Vi skal tilby frukt eller grønnsaker til kvart måltid i barnehagen.

MOBBEOMBODET I MØRE OG ROMSDAL

Mobbeombodet er ein teneste som skal sikre at barn og unge i Møre og Romsdal får ein trygg og god kvardag i barnehagen og på skulen.

Mobbeombodet kan svare på spørsmål, gi støtte og rettleiing til barn, elevar og foreldre som står i vanskelege situasjoner. I tillegg jobbar mobbeombodet med førebygging og bidreg gjerne med kurs og foredrag på ulike områder. Alle kan ta kontakt med mobbeombodet. Mobbeombodet har teieplikt.

SLIK NÅR DU MOBBEOMBODET:

Tlf: 71280433/91140259 E-post: mobbeombodet@mrfylke.no

OVERGANGAR I BARNEHAGEN

Det å starte i barnehagen er ei stor endring i livet for både barn og foreldre. Tilvenninga er starten på eit godt samarbeid mellom heim og barnehage.

NÅR BARNET BYRJAR I BARNEHAGEN

Barnehagen skal i samarbeid med foreldrene legge til rette for at barnet kan få en trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutiner og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjoner og knytte seg til personalet og til andre barn. Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tiden slik at barnet kan oppleve tilhørighet og trygghet til å leke, utforske og lære. (Kunnskapsdepartementet, 2017,s.33)

I Trollsletta barnehage arbeider vi ut i frå foreldreaktiv tilvenning, primærkontakt og i tett samarbeid med føresette. Kvart born får tildelt ei primærkontakt i oppstarten, denne vaksne har eit ekstra ansvar for å følgje opp barnet den første tida i barnehagen. For dei små kan det vere omveltande med alle endringane på kort tid. Barnehagen inviterer difor dei nye borna på ein besøksdag der dei får kome inn i barnehagen for å sjå alt det nye saman med sine trygge vaksne. Vi ynskjer føersettede mest mogleg deltagande i tilvenninga i tett samarbeid med barnehagen. Vi ynskjer å lære av føersettede, det er dei som kjenner barnet best og som kan hjelpe oss å videreføre rutiner og tryggleiken heimanfrå. Vi tilrår til kortare dagar i oppstarten, det er mange nye inntrykk for bornet og mange nye mennesker å verte kjende med og trygge på.



OVERGANGAR I BARNEHAGEN

I Trollsletta har vi eit tett samarbeid mellom avdelingane og er saman store delar av dagen. Overgangen mellom småbarn og storbarn blir difor ikkje så stor. For barna kan det likevel opplevast som ei stor omveltning. Nye grupper, nye rutiner, ny plass og kanskje nye primærkontakter. Personalet jobbar difor tett på, også i førekant, og gjennom trygge og gode rutiner legg vi til rette for god førebuing, og skapar ein så god overgang som mulig. Vi legg til rette slik at dei som skal byrje på storbarn etter sommaren får vere med på aktivitetar som tur, samling og leik med dei store også før sommaren.

OVERGANGEN MELLOM BARNEHAGE OG SKULE

Rammeplanen (2017, s.33) skriv at barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet skal få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. Dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen.

I Trollsletta barnehage har vi ei eiga gruppe for dei som skal starte på skule neste år. Desse kallar vi mullegruppa. Mullegruppa har ekstra aktivitetar som er knytt til førebuing før skule. I Trollsletta barnehage har vi fokus på at dei eldste skal få tid og rom til å vere eldst det siste året i barnehagen. Samstundes som vi gir dei den hjelpa og den støtta dei treng for å førebu seg på overgangen over til skule. Kontakt med skulen og besøk skjer etter fast opplegg på våren. Vi brukar bøkene Trampoline i arbeidet med å førebu barna til skulestart.

AUGUST 2023

IKKJE GLØYM

7. og 18. august er det
PLANLEGGINGSDAG.
Barnehagen er stengt!

VELKOMEN TIL EIT NYTT BARNEHAGEÅR I TROLLSLETTA BARNEHAGE



I August startar vi eit nytt barnehageår. Dette kan vere starten på noko nytt for både nye barn, men også for barna i barnehagen. For nokre er overgangen heim-barnehage medan det for andre blir ein overgang fra småbarn til storbarn innad i barnehagen og kanskje nokre kjem frå andre barnehagar og inn i vår. I august set vi difor av tid til å verte kjende med kvarandre og den nye kvardagen. Dei nye barna skal verte kjende i ein ny kvardag, med born og vaksne, med romma i barnehagen, rutinene og reglane. Vi skal alle saman finne vår plass i ei ny gruppe, både små og store.

TEMA

Tilvenning,
kven er eg?

FAGOMRÅDE

Kropp, rørsle,
mat og helse

MÅL

Gjer barn og foreldre
så trygge at det opplevast
greit å skilje lag.

Tilvenningsperiodene for kvart år er ulike, og det er svært individuelt kor lang tid denne tilvenningsprosessen tek. Barna treng tid for å erfare at barnehagen er ein trygg stad å vere og at dei vaksne er til å stole på. Vi må difor gje barna den tida dei treng for å erfare dette. Vi vektlegg ein tett dialog mellom tilsette og foreldre for å saman finne ut kva som er til det beste for deira barn, det er foreldra som kjenner sine barn best. Kvart barn som byrjar i barnehagen får ein kontaktperson slik at det skal vere enkelt for foreldre å vite kven ein skal forhalde seg til.

Alt etter kor lang den første tilvenningstida for dei nye barna blir- kor tidleg kvardagssituasjonane er innarbeidde i barnehagen, vil vi starte førebuing til å gå på tur. Vi tek sikte på å finne vegen fram til alle borna sine heimar-sjå på huset deira og la borna fortelje at her bur eg! I august vil vi også ha fokus på temaet "kven er eg?", her kan vi snakke og bli kjende med oss sjølve og familien vår. Her vil vi bruke samlingane til å bli kjende med oss sjølve, dei andre men også nytte høve til å bli kjende med dei ulike familielerasjonane som er moglege å ha. Barnehagen skal synleggjere eit mangfold i familieformer og sørge for at alle barn får sin familie spegla i barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.9)

Barnehagen skal i samarbeid med foreldrene legge til rette for at barnet kan få en trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutiner og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjoner og knytte seg til personalet og til andre barn. Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tiden slik at barnet kan oppleve tilhørighet og trygghet til å leke, utforske og lære (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33)

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
31		1	2	3	4	5	6
32	7 Planleggingsdag. Stengt.	8	9	10	11	12	13
33	14	15	16	17	18 Planleggingsdag. Stengt.	19	20
34	21	22	23	24	25	26	27
35	28	29	30	31			



Hanna 4 år

SEPTEMBER 2023

IKKJE GLOYM

14. september er det
DUGNAD
i barnehagen



TEMA

Brannvern, førstehjelp
og tryggleik



FAGOMRÅDE

Nærmiljø og
samfunn

MÅL

Få kjennskap til branngryggleik,
førebygging og tiltak knytt til
brann, samt hjelpevilje og økt
kunnskap om førstehjelp

BRANNVERN OG TRYGGLEIK

I september vil vi arbeide med temaet brannvern og tryggleik. Vi kjem til å bruke brannbamsen Bjørnis sitt pedagogiske opplegg som er tilpassa barnehagebarn. Nokre barn kan oppleve at brann er eit litt skummelt tema, difor ynskjer vi i barnehagen god tid til å arbeide med dette å førebu barna slik at alle skal føle seg trygge.



Brannbamsen Bjørnis er ein populær mann i barnehagen, barna viser interesse og engasjement. Bjørnis gir barn omsorg og tryggleik ved brann og andre ulykker, og har gode råd om brannvern til alle. Vi snakkar om kva vi må gjere når det brenn, vi har brannøvelse i barnehagen, skiftar batteri i brannvarslane, dei eldste får ha med Bjørnis heim kvar sin dag og får oppgåve i å sjekke brannsikkerheita i sin heim. Vi vil tilpasse opplegget etter aldersgruppene i barnehagen.

BESØK PÅ BRANNSTASJONEN

I løpet av månaden vil vi gå tur å besøke brannstasjonen og kanskje er vi så heldige at vi får komme inn å sjå ekte brannvernsutstyr, brannbilar og mennesker som arbeider med å sløkke brannar. Anbefalar alle føresette til å gå inn på: <https://brannbamsen.no/foreldre>, her kan de finne viktige brannvernsråd og ein filmsnutt som viser korleis ein kan gjennomføre ein brannøvelse heime.

FØRSTEHJELP

Henry er eit pedagogisk læringsopplegg utvikla for born i alderen 3-8 år. Målet er å lære barn i barnehage og skule om førstehjelp. Vi ynsker å starte førstehjelpsopplæringa så tidleg som mogleg for og styrke den generelle befolkningens førstehjelpskunnskap. Ideen om at sjølv små barn kan ta ansvar, vise omsorg og hente hjelp er en viktig del av Henry-opplegget. Det skal føles trygt å hjelpe andre. Gjennom dukka Henry og dei 10 uhella han utsettast for lærer barn korleis dei kan hjelpe gjennom 3 enkle steg som er læringsmåla:



1. SPØRJE KVA SOM HAR SKJEDD
2. HENTE EN VOKSEN/RINGE 1-1-3
3. HJELPE (SAMAN MED VAKSNE)

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag	
35					1	2	3	
36	4	5	6	7	8	9	10	
37	11	12	13		14	15	16	17
38	 Nasjonal Brannvernveke	18	19	20	21	22	23	24
39	25	26	27	28	29	30		

OKTOBER 2023

IKKJE GŁØYM

4. oktober er det
PLANLEGGINGSDAG.
Barnehagen er stengt!

TEMA

FORUT, FN-dagen
og Barnekonvensjoonen.

FAGOMRÅDE

Kommunikasjon, språk og tekst
og Nær miljø og samfunn

MÅL

Gjere barna kjent med andre kulturar og dagliglivet til barn i andre land. Gje barna verdifull læring og gode opplevelser gjennom praktisk solidaritetshandling.



Dette er FORUT Barneaksjonen

Vi ønsker å skape nysgjerrighet og engasjement, og å bygge toleranse, omsorg og empati. Gjennom den pedagogiske materiellpakken vil vi gjøre barn i Norge kjent med andre kulturer og dagliglivet til barn i andre land. FORUT Barneaksjonen fokuserer på at barn har ressurser, evner og ambisjoner selv om hverdagen kan være utfordrende. Vi formidler likheter og ulikheter, men også barns felles behov for vennskap, lek, omsorg og trygghet.

Vi vil gi barn i Norge verdifull læring og gode opplevelser gjennom praktisk solidaritetshandling. Vi tror barn har et iboende ønske om å hjelpe andre. En viktig del av Barneaksjonen er at barn i Norge gjør en innsats for å skaffe midler til prosjekter for barn i andre land. (forut.no)

Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfold og gjensidig respekt. Barna skal få oppleve at det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på. Samtidig skal barnehagen gi felles erfaringar og synleggjere verdien av fellesskap. Barnehagen skal vise korleis alle kan lære av kvarandre, og fremje nysgjerrigkeit og undring over likskapar og forskjellar. (Rammeplan for barnehager s.7)

Gjennom ulike materiell og ressursar frå Barneaksjonen FORUT, får barna i Trollsletta barnehage eit innblikk i korleis det kan vere å vere barn andre stader i verda. Vi har samlingar, lærer songar, leikar, ser på film, har ulike oppgåver og aktivitetar som gir oss ei kjensle av korleis kvardagen kan vere for barn i andre land. Vi blir godt kjent med eit barn, og familien hens, og får vere med på det som skjer i deira liv. Vi skal oppleve at mykje er ulikt og rammene for kvardagen vår ulike, men at alle barn er barn, og alle er like mykje verd! Denne månaden har vi også ein innsamlingsaksjon til FORUT sitt bistandsarbeid.

Bærekraftig utvikling

Bærekraftig utvikling handlar om at menneske som lever i dag, får dekt dei grunnleggjande behova sine utan å øydeleggje framtidige generasjonar sin sjanse til å få dekt sine behov. Det handlar om å tenkje og handle lokalt, nasjonalt og globalt.(...)

Barnehagen skal leggje grunnlag for barna si evne til å tenkje kritisk, handle etisk og vise solidaritet.

(Rammeplan for barnehagen s.10)



	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
39							1
40	2	3	4	5	6	7	8
41	9	Klara 5 år 	10  Verdsdagen for psykisk helse	11	12	13	14
42	16	17	18	19  Hausttreff	20	21	22
43	23	24 	25	26	27	28	29
44	30	31					

NOVEMBER 2023

FORELDRESAMTALER

I november begynner vi med foreldresamtaler i barnehagen

TEMA


Himmelen og verdsrommet

FAGOMRÅDE

Kunst, kultur, kreativitet

MÅL

Få kjennskap til solsystemet vårt, og lære om himmellegemer



Rammeplanen (2017) skriv at gjennom arbeid med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna opplever, utforsker og eksperimenterer med naturfenomener og fysiske lover.

PERSONALET SKAL:

- gi barna tid og anledning til å stille spørsmål, reflektere og lage egne forklaringer på problemstillinger, og til å delta i samtaler om det de har erfart og opplevd
- synliggjøre naturfenomener og reflektere sammen med barna om sammenhenger i naturen
- utforske og eksperimentere med teknologi og naturfenomener sammen med barna.

Vi vil i november ta for oss temaet himmelen og verdsrommet, her vil vi saman med barna undre oss, utforske, eksprimentere og oppleve. Der ute fins det mykje vi kan undre oss over, korleis lyser stjernene, månen kvifor lyser den av og til om dagen og av og til ikkje? Vi vil ta for oss barna sine undringar og undre saman med dei, vi vil forske og leite etter svar men også oppleve at vi kanskje ikkje finn eit fasitsvar på alt.



	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
44			1	2	3	4	5
45	6	7	8	9	10	11	12
46	13	14	15	16	17	18	19
47	20	21	22	23	24	25	26
48	27	28	29	30			



Leon 1 år



Fredrik 4 år

DESEMBER 2023

IKKJE GŁØYM

1. desember er frist
for innmelding av behov
for bhg i romjula

TEMA

Jul



FAGOMRÅDE

Etikk, religion
og filosofi

MÅL

Barna skal bli kjende
med norske juletradisjonar

JUL I TROLLSLETTA BARNEHAGE

I desember skal vi skape tid for ro og god atmosfære. Vi heng opp julestjerner og set opp julestakar, finn fram adventskransen med dei fire lysa. Vi skapar tid og rom for refleksjon rundt stjerna, dei sju lysa i staken og dei fire i kransen. Nissar, rotter, mus og Santa Lucia kjem fram frå kottet. Kvar dag i desember har vi felles adventssamling der vi tenner adventslys og syng adventssvers, trekker kalendar, og les frå adventsboka.



Gjennom formidling av juleevangeliet, Snekker Andersen, Den vesle bygda som gløymde at det var jul og andre kjende og kjære juleforteljingar, samt gjennom juleverkstad, julesongar, julespel, julekakebaking, juletrehogst, lukting og smaking på julekrydder, vert barna kjende med den norske juletradisjonen.

Vi bidreg til, og går og besøkjer, Peparkakelandsbyen, og dei eldste barna får invitasjon til kyrkjevandring. Luciafrukost og Nissefest er noko vi øvar fram mot og gler oss til.



LUCIAMARKERING

13. desember
har vi Lucia-markering
i barnehagen



Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningiar. (...)

Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn, og erfaringar med at kulturelle uttrykk har ein eigenverdi.

Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesettet til andre menneske. Gjennom å samtale om og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål skal barn få høve til sjølve å formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar. (...) Gjennom arbeid med etikk, religion og filosofi skal

barnehagen bidra til at barna får kjennskap til grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon og blir kjende med religionar og livssyn som er representerte i barnehagen .
(Rammeplan for barnehagen s. 54-55)

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
48					1 Frist for innmelding av behov for bhg i romjula  Skifte batteri i røykvarsler	2	3  1. sundag i advent
49	4	5	6	7	8	9	10  Maja 5 år  2. sundag i advent
50	11	12	13  Luciamarkering	14  Kristoffer 5 år	15	16	17   3. sundag i advent
51	18	19	20	21	22	23	24  Julaftan
52	25 1. juledag	26 2. juledag	27	28	29	30	31  Nyttårsaftan

GODT NYTT ÅR!

TEMA

Kroppen min

FAGOMRÅDE

Kropp, rørsle,
mat og helse

MÅL

Lære om kroppen,
og om å forstå eigne
og andre sine grenser

JANUAR 2024

KORLEIS ER KROPPEN VÅR SATT SAMAN?

Barna skal inkluderast i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandle med andre og oppleve motivasjon og meistring ut frå eigne føresetnader. Barnehagen skal bidra til at barna blir kjende med kroppen sin og blir bevisste på sine eigne og andre sine grenser. (Rammeplan for barnehagen s.49)



Alle har ein kropp, og den skal vi ha med oss heile livet. I barnehagen skal vi bli kjent med kroppen vår i vid forstand, og lære å ta vare på den. Kva er kroppen vår, korleis er den satt saman? Kva treng den for å ha det bra, for å vekse, utvikle seg og bli sterk? Kva meistar eg og kva kan eg øve meir på? Kva tykkjer eg er greit, og kva tykkjer andre er greit? Kropp og kjensler går hand i hand, og vi øvar på å sortere og forstå tankar, kjensler og reaksjonar.

Gjennom "Kroppen min eier jeg" frå Redd Barna, jobbar dei eldste barna med tematikken rundt kropp, grenser og seksuelle overgrep. Barna får kunnskap om kropp og seksualitet, at seksuelle overgrep er ulovleg, og korleis ein kan få hjelp. Barn som tidleg lærer om kropp, grenser og seksuelle overgrep, er ikkje berre betre i stand til å verne om seg sjølv, men veks også opp med ei betre forståing og respekt for eigne og andre sine grenser. Å gje barna kunnskap om kropp, grenser og overgrep er difor viktig for å førebyggje, hindre og avdekke overgrep.



	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
1	1 Godt nytt år! Nyttårsdag	2 	3	4	5	6	7
2	8	9	10	11	12	13	14
3	15	16	17	18	19	20	21
4	22	23	24  Marta 4 år	25	26	27	28
5	29	30	31				



I februar arrangerer vi

KARNEVAL

i barnehagen



TEMA

Sint og glad
i barnehagen

FAGOMRÅDE

Kommunikasjon,
språk og tekst

MÅL

Utvikle
kjenslemedvitet

FEBRUAR 2024

KJENSLER ER STERKE DRIVKREFTER



Gjennom arbeid med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna uttrykkjer kjensler, tankar, meningar og erfaringar på ulike måtar, bruker språk til å skape relasjoner og delta i leik, og som reiskap til å løyse konfliktar, og vidareutviklar omgrepsforståinga og bruker eit variert ordforråd. Gjennom arbeid med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfold av kommunikasjonsformer. (Rammeplan for barnehager s. 48)

Kjensler er sterke drivkrefter. Dei motiverer til utforsking, meistring og til å oppsøke gleder og til å unngå farer. Dei motiverer til å sette grenser og til gje omsorg. Kjenslemedvit handlar om å vite kva ein sjølv kjenner på, kor sterkt, samt å vere god på å forstå kva andre kjenner på. Kjensemedvitet aukar når kjenslene våre vert gjenkjent, akseptert og satt ord på.

Gjennom ressurspakken "Grøne tankar - glade barn" blir vi kjent med eit stort spekter av kjensler. Glad, trist, sint, sliten, avslappa, lur, fortvila, sliten, redd, sur, stolt, og nysgjerrig mellom anna. Når ein opplever noko vanskelig, er det viktig å kunne snakke til oss sjølv på ein måte som hjelper. Det gjeld både barn og vaksne. Men det er kanskje særlig viktig når vi er små, fordi det er så mykje stort som må begripast og handterast. Som vaksne er ei av dei viktigaste oppgåvene våre å styrke barna si evne til å føre konstruktive indre samtalar. Då kan dei støtte og forstå seg sjølv betre, og betre forstå kva og kven som kan vere til hjelp. Dei får eit fundament dei kan ha med seg heile livet.

Rammeplanen seier: "Barnehagen skal synliggjøre samisk kultur og bidra til at barna kan utvikle respekt og fellesskapsfølelse for det samiske mangfoldet (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 9.)"



Vi markerer
SAMEFOLKETS DAG
6. FEBRUAR,
vi ynskjer at borna får
oppleve delar av samisk
kultur i form av
konkretar, bileter,
formidling, musikk,
formingsaktivitetar og
mat.

**VI ARRANGERER
VINTER-
AKTIVITETSDAG
I FEBRUAR**

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
5				1	2	3	4
6	5	 Samenes nasjonaldag	6	7	8	9	10
7	12	13	14	15	16	17	18
8	19	20	 Den internasjonale morsmålsdagen	21	22	23	24
9	26	27	28	29			

MARS 2024



GOD
PÅSKE

IKKJE GŁØYM

1. mars er det
PLANLEGGINGSDAG.
Barnehagen er stengt!

SKOGEN STARTAR Å VAKNE TIL LIV



TEMA

Livet i skogen
og småfuglane

FAGOMRÅDE

Natur, miljø
og teknologi

MÅL

Få kjennskap til livet
i skogen vår, dyreliv,
trekk- og standfuglar

Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider. Barnehagen skal legge til rette for at barna kan få eit mangfold av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring.

GJENNOM ARBEID MED NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI SKAL BARNEHAGEN BIDRA TIL AT BARNA

- får oppleve og utforske naturen og mangfaldet i naturen
- får gode friluftslivopplevingar året rundt
- får kjennskap til naturen og berekraftig utvikling, lærer av naturen og utviklar respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen
- får kunnskap om dyr og dyreliv (Rammeplan for barnehagar, s.52)

No er det vår, og litt etter litt startar skogen å vakne til liv igjen. Då er det mykje spanande å forske på! Vi brukar skogsområda i nærmiljøet, både Mulleskogen "vår", skogen bak sjukehuset, Elvadalen og etter kvart lengre turar oppover. Prestesætra, grindaløda på Klepp og Heltnelihuken er fine turmål. Trekkfuglane er snart på veg tilbake frå vinterferien sin, og vi lyttar og ser etter dei. Vi snakkar også om dei fuglane som har vore her heile vinteren, og prøvar å lære forskjell på dei. Kanskje snekrar vi fuglekasser, og kan spente fylgje med på det kjem fuglar, egg og fugleungar der!

Vi snakkar om sporlaus ferdsel, og at vi er på besøk i naturen og hjå dyra der. Vi lærer oss å bli glade i, vise respekt for og å ta vare på naturen rundt oss.

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
9					1 Planleggingsdag. Stengt.	2	3
10	4	5  Håkon 3 år	6	7	8	9	10
11	11	12	13	14	15	16	17
12	18	19	20	 Rockesokk	22	23	24 Palmesundag
13	25 	26 PÅSKESTENGT	27	28 Skjærtorsdag	29  Langfredag	30	31 1. påskedag

APRIL 2024



NO KJEM
VÅREN!



DET KJEM SPIRANDE BLOMAR OG KNOPPAR PÅ TREDA

Rammeplanen seier:

I arbeidet med fagområdet kunst, kultur og kreativitet skal personalet stimulere nysgjerrigkeit, utvide forståinga deira og bidra til undring, undersøkingar, utprøving og eksprimentering. Barnehagen må leggje til rette for og vidareutvikle dei kreative prosessane og uttrykka til barna.

I april månad kjem våren fram. Etterkvart som vinteren er på hell kjem det fram mykje rusk og rask og rot i og rundt barnehagen. Vi leitar fram plastsekkar og plukkar boss på uteleikeplassen og i nærområdet. Vi lagar det fint og tek vare på nærmiljøet vårt, og blir slik medvitne om kva som høyrer naturen til og får eit nærrare band til naturen rundt oss.

Det kjem spirande blomar og knoppar på treda, småkryp og innsekt kikar fram. Forstørrelsesglas og fotografering er kjekke verkty når vi skal studere livet på mikronivå. Vi jobbar i kjøkkenhagen vår og plantar og steller både nyttevekstar og prydvekstar. Med mold under neglene lærer vi om frø og spirar, sol og regn, og den startande prosessen frå jord til bord. Vi er kreative både inne og ute når naturen vaknar til liv att.

Vi går turar langs Elvadalen, Årneset, Mulleskogen, Grindaløda på leit etter vårteikn. Kanskje på turane kan vi finne nokre små lam også som høyrer våren til.

TEMA



Det spirar og gror

FAGOMRÅDE

Kunst, kultur
og kreativitet

MÅL

Få kjennskap til vårteikn
og oppleve prosessen
frå frø til vekst.



	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
14	1  Hugo 4 år 2. påskedag	2	3	4  Hallvard 5 år.	5	6	7
15	8	9	10	11	12	13	14
16	15	16	17	18	19	20	21
17	22	23	24	25	26	27	28
18	29	30					

IKKJE GŁØYM

10. mai er det
PLANLEGGINGSDAG.
Barnehagen er stengt!

MAI 2024



JA VI ELSKER DETTE LANDET

Barnas medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda. (Rammeplan for barnehager s. 55)

Meir mangfald og individualisering gir behov for demokratiforståing, respekt for ulikskapar og positive haldningar til å leve saman i fellesskap. Gjennom å delta i barnehagefellesskapet skal barna få sjansen til å utvikle forståing for samfunnet og den verda dei er ein del av. Barnehagen skal fremje demokrati og vere eit inkluderande fellesskap der alle får høve til å ytre seg, bli hørde og delta. (Rammeplan for barnehager s.8)

Gjennom samlingar, songar, nasjonal historie og lokal historie ynskjer vi å formidle kunnskap til borna om Noreg. Kva er ein nasjon og eit land, kva er demokrati, og kva er Grunnlova? Vi bur i Noreg alle saman og vi feirar 17. mai, men kvifor gjer vi eigentleg det? Kva handlar denne dagen om, kva tradisjonar har vi rundt feiringa av Noreg sin bursdag?

17. mai er ein dag for fellesskap og samhald, vi ynskjer difor å bruke ein månad på dette for å førebu barna til 17. mai og for å kunne jobbe og markere denne dagen saman med gode vener i barnehagen.
Vi vil øve på 17 mai tog i barnehagen etterfulgt av 17. mai leikar ute på uteområdet.

FAGOMRÅDE

Nærmiljø og samfunn

MÅL

Få kjennskap til landet
si historie og om
kvifor vi feirar 17.mai

TILBOD OM FORELDRESAMTALAR I LØPET AV VEKE 22

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
18			1 Siste frist for innmelding av ferie Arbeidernes dag Offentleg høgtidsdag	2	3 	4	5
19	6  Ryddeaksjon veke 19	7	8	9 Kristi himmelfartsdag	10 Planleggingsdag. Stengt.	11	12
20	13  Dugnad	14	15	16	17  Andreas 2 år  Grunnlovsdag	18	19 1. pinsedag
21	20 2. pinsedag	21	22	23	24	25	26
22	27	28	29	30	31		

JUNI 2024



DET ER SOMMARI!

Fagområdet (Mengd, rom og form) handlar om å oppdage, utforske og skape strukturar og hjelper barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet. Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur (...) Fagområdet omfattar leikande og undersøkjande arbeid med samanlikning, sortering, plassering, orientering, visualisering, former, mønster, tal, teljing og måling. Det handlar òg om å stille spørsmål, resonnere, argumentere og søkje løysingar. (Rammeplan for barnehagen s.53)

Det er sommar, og livet i fjøra er spanande! Vi tek med oss bøtter og spader, og utforskar fjøra og livet der. Flo, fjøre, tang, tare, skjell, småfiskar, kryp og steinar. Vi samlar, tel, sorterer, finn ut av, kategoriserer, samanliknar. Stor-liten, tung-lett. Kva høyrer til i fjøra, og kva er søppel? Kanskje må vi rydde litt i fjøra også? Ikkje-levande materiale kan vi ta med tilbake til barnehagen og lage flotte ting av.

Vi vil lære ulike namn på fiskar, tang, tare, småkryp som vi finn i fjøra. Vi vil også leite fram bøker i barnehagen slik at barna kan sjå ulike kjenneteikn til dei ulike artane.

Vi snakkar om tryggleik i vatn, knytt til bading og livet i fjøra. Kva skal vi gjer om vi ser nokon har problem i vatnet? Vi snakkar om kvifor det er viktig å bruke redningsvest.



	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
22						1	2
23	3	4	5	6	7	8	9
24	10	11	12	13	14	15	16
25	17	18	19	20	21	22	23
26	24	25	26	27	28	29	30



Elisa 5 år



Selma 4 år



Ella 3 år



Kalle 5 år



Elise 6 år

JULI 2024



I juli har vi sommarstengt dei tre siste vekene,
vi har difor ikkje noko eige tema denne veka vi held opent.
Vi følgjer barnas ynskjer.

GOD SOMMAR TIL SMAÅ OG STORE

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
27	1	2	3	4	5	6	7
28	8	9	10	11	12	13	14
29	15	16	17	18 SOMMARMÅRFERIE BARNEHAGEN ER STENGTE I VEKE 29-31	19	20	21
30	22	23	24	25 Sverre 4 år	26	27	28
31	29 Astrid Elise 5 år	30	31				

Tusen takk
for et kjempefint
barnehageår!